

Møtereferat

Dato: 11.01.2017

Emne:	Oppsummering frå møte om oppfølging av vedtak - samarbeid skule-næringsliv Nordhordland	
Til stades:	Knarvik vgs: Kari Espelund Bruvik (rektor), Rune Nesse (avdelingsleiar) Austrheim vgs: Kjersti Haugland (rektor), Gurid Helene Espe (avdelingsleiar) Opplæringsavdelinga: Torbjørn Mjelstad (seksjonsleiar fagopplæring), Linda Farestveit (seksjonsleiar skule), Hillevi Runshaug (regionleiar)	
Forfall:		Sak: 2014/10030-104
Møtetid:	12.12.16	Møtestad: Fylkesbygget, rom 913

Møteleiar: Hillevi Runshaug**Referent:** Hillevi Runshaug

Oppsummering frå møte om samarbeid skule og næringsliv Nordhordland

Bakgrunn og formål med møtet

Bakgrunn og formål med møtet er knytt til oppfølging av vedtak i skulebruksplanen, Fylkestinget 4. oktober 2016: «*Det vert lagt til rette for god dialog med det lokale næringslivet i høve til nyinvesteringar og for å prøva ut nye undervisningsformer der meir av den praktiske undervisninga vert gjort ute i verksemdene.*» Opplæringsavdelinga ønskjer saman med skulane å sjå på konkretisering og avklaring av korleis arbeidet skal organiserast. Opplæringsavdelinga legg til grunn at begge skulane må vere involvert i arbeidet med oppfølging av vedtaket.

Samarbeid mellom skule og næringsliv er svært viktig med tanke på vidare utvikling av opplæringstilbod som bidreg til kompetanse og arbeidskraft som regionen har bruk for. Samarbeidet er også særskild viktig for læring og fullføring for den enkelte eleven.

Det er positivt at Nordhordland Næringslag ønskjer å bidra i arbeidet som følgjer av vedtaket, og Hordaland fylkeskommune v/Opplæringsavdelinga vil avtale møte med næringsliv og regionråd for å planlegge arbeidet med sikte på implementering av vedtaket.

Samarbeid mellom skule og næringsliv å byggje vidare på

I starten av møtet orienterte deltakarane frå skulane om kva samarbeidstiltak og – arenaer som er etablert. Begge skulane har positive erfaringar med samarbeidet med næringslivet. Bedrifter tek imot elevar/lærlingar år etter år. Frank Mohn Flatøy tek t.d. mot 6 elevar, og om det er stort behov ofte ein elev i tillegg. Samarbeidet med Mongstad er også sentralt.

Arbeidet med yrkesfagleg fordjuping (YFF) er koordinert mellom skulane på den måten av vekene gjennom året er fordelt mellom Austrheim vgs og Knarvik vgs, noko som er spesielt viktig i TIP-fag. Koordineringa av tidsperiodar gjer det lettare for bedriftene. På vg1 er det lagt opp til 2x2 veker, medan det på vg2 er 3x2 veker. Industriteknologi på Knarvik vgs har 2x3 veker på vg2.

Samarbeidet med bedrifter byggjer i stor grad på lærarane, sjølv om både avdelingsleiar og lærarar har ei rolle. Avdelingsleiarar frå Knarvik vgs og Austrheim vgs er på bedriftsbesøk og knytter kontakt og avtalar, medan lærar følgjer opp arbeidet og såleis kan byggje opp kontaktnett over år. Det er kontakt og samarbeid

med mange småbedrifter og med større bedrifter, også i Åsane og Bergen sentrum, særleg innan elektro. Det er lagt til rette for samarbeid, og samarbeidet har fungert godt. Det er ikkje basert på faste, skriftlige samarbeidsavtaler så langt.

Kompetansekoordinator Vivian Kårbø er eit viktig bindeledd ut til bedriftene og ei drivkraft i å utvikle samarbeidet gjennom møteverksemd og konkrete tiltak, t.d. samarbeid om vurderingsskjema til bruk i YFF i bedrift. Nordhordland næringslag koordinerer mellom bedrifter, og bedrifter strekker seg langt for å imøtekome skulane.

Samarbeidet med opplæringskontoret omfattar m.a. rådgjeving, entreprenørskap, lærlingar, søknads- og CV-skriving, samt meir formalisert samarbeid. Avdelingsleiarar deltek som regel på samlingar for rådgjevarar på ungdomstrinnet i Nordhordland.

Rektor ved Knarvik vgs er med i komite for læreplasskonferansen som går av stabelen i Grieghallen 3. februar 2017. Anna kvart år vert det arrangert næringskonferanse på Mongstad. Andre prosjekt er i gang, og vi nemner Lektor II-ordning, Energiskole, Sol og vind ved Austrheim vgs. I Nordhordland er det viktige samarbeidsforum mellom skule og næringsliv:

I kompetanseutvalet under Nordhordland næringslag er begge rektorane medlemmer. Både vidaregåande skule og grunnskule er representert i tillegg til bedrifter, representant for regionrådet, prosjektleiar kompetanseprosjektet og leiar for Nordhordland næringslag. Kompetanseutvalet tek opp og arbeider med behovet for kompetanse på lang sikt og på kort sikt i regionen, samt svingningar i behovet. Det er stort engasjement for elevar som ikkje har fått læreplass og for TAF. Det er god kontroll på oppfølging av lærekontrakter, talet på lærebedrifter har auka, og det er fleire læreandidatar.

Rektorane er også med i styret for Opplæringskontoret, ein er medlem og den andre er varamedlem år om anna. I spesielle saker kan rektorane inviterast til møte i regionrådet.

Forventningar knytt til utprøving av nye undervisningsformer og meir praktisk opplæring i bedrift

Det er mange modellar for fagopplæring / skule. Vekslingsmodell vart nemnt med fleire variantar, og det er i gang forsøk med eit 4-årig løp. Modellane byggjer på samme prinsipp som TAF, og næringslivet må garantere for plass i praksis.

Det er no lagt opp til at elevar som ikkje får læreplass, kjem tilbake til avgjevarskulen for vurdering av mogleg tilbod, eventuelt vg3 i skule. Det vart peika på behovet for å skape ordningar som er føreseielege for alle, og for klare rammer og føresetnader. Ei løysing der bedrifter tek inn ein ekstra lærling, vil utgjere problem om ein «lærling» ikkje får lønn ved sida av lærlingar med lønn.

Skulane ønskjer at Opplæringsavdelinga kan hjelpe til med å få fram plan for at bedriftene tek imot elevar i YFF på vg1.

Nye læreplanar i tida framover vil gi justerte rammer for pedagogisk utvikling. Innholdsmessig vil teknologi, yrkesretting av fellesfag, entreprenørskap og internasjonalisering (Erasmus +) stå sentralt. Deltaking i konkurranser kan gi ringverkander og byggje nettverk når lærarar møtest (t.d. Stjørdal). Algeprosjektet vart nemnd som døme på nye tiltak, og det kan vere interessant å kartlegge nokre utdanningsprogram med tanke på nye moglegheiter. Språklæring for minoritetsspråklige og godkjenning av utdanning fra utlandet vart peika på som utfordringar det er behov for å møte på nye, betre måtar enn til no.

Hospitering er eit aktuelt verkemiddel i utviklinga, og det kan søkjast om midlar til frikjøp for lærarar til å være i bedrift og sjå område for samarbeid, og lærarar kan vere ute i bedrifter samtidig med elevar. Yrkesfaglærerløftet er også ei viktig satsing, og det er positivt om tiltaka kan brukast i samanheng.

Ein viktig diskusjon er kva arenaer vi vil trenge for framtida og kva opplæring skal skje i skulen og kva i bedrift. Bedrifter kan vere interessert i å vere opplæringsarena / stasjon ute som kan nyttast til ulike formål som undervisning og fagprøver. Prøvestasjon for fagprøve kjemiprosess vart vurdert på Statoil Mongstad på eit tidlegare tidspunkt, men det vart konkludert med prøvenemnd offshore. Det er også døme på at kandidat til fagprøve kjem til skulen frå bedrift for å bruke verkstad og utstyr.

Utpøving av nye undervisningsformer og meir praktisk undervisning i verksemdene vil inngå i pedagogisk utviklingsarbeid der ein i tillegg til hovudmålet om auka læringsutbyte og auka fullføring, vil har som siktemål å få grunnlag for å vurdere framtidig behov for areal og arenaer for opplæring i skule og bedrift, jf. vedtaket i Fylkestinget 04.10.16 om moglege nyinvesteringar.